

Norsk folkemusikk

– før og no

«Å stakkaren min, koma noooo!» Slik høyrdet det kanskje ut når budeia skulle samle, eller lokke, beitande kyr til seg på setra. Det er interessant at kulokkane og former som huving og laling alle er knytte til konkrete oppgåver, anten det var å lokke til seg husdyr eller å komme i kontakt med menneske på den andre sida av dalen.



I tillegg til den flotte utsmykkinga i hardingfela ser vi eit sett med understrengar, som ikkje direkte er borti bogen når ein spelar, men som kling med ved hjelp av vibrasjonane i instrumentet.

Norsk folkemusikk er meir enn berre dette – feleslåttar, viser og dansar er andre nemneverdige former innanfor folkemusikk. Folkemusikken er ein viktig del av historia vår, men kva posisjon har folkemusikken i Noreg i dag?

Det er vanskeleg å anslå kor gammal folkemusikken vår er, men ifølgje forskrarar kan ein spore den eldste musikken tilbake til 1200–1300-talet, i nokre tilfelle endå lengre tilbake. Det at musikken gradvis har forandra seg gjennom munnleg overlevering, gjer det vanskeleg for oss å seie noko sikkert om korleis musikken høyrdet ut for så lenge sidan. Vanlege instrument er mellom anna hardingfele, vanleg fele, lur, bukkehorn, seljefløyte og munnharpe.

Norsk folkemusikk blir ofte delt inn i to grupper – vokalmusikk, der songen er det viktigaste, og instrumentalmusikk, der musikken berre blir spelt på instrument. Som nemnt har musikken ofte spesifikke funksjonar – det kan vere i samband med husdyrhald, dans, fest og religiøse samanhengar.

Men det er ikkje alltid slik at musikken treng å ha ein annan funksjon enn tidsfordriv for musikaren. Det er ei kjend sak at gjetarane i mangel på anna ofte kunne sitje og øve i timevis, mens husdyra gjekk rundt på setra. Slik kunne dei også bli svært dyktige på instrumenta sine.

Kva posisjon har folkemusikk i Noreg i dag? For å kunne svare på det bør ein prøve å forstå kva som ligg i omgrepene folkemusikk. I Gjermund Larsens «Arrivals» kan du høre musikk som klart ber preg av folkemusikk, men kanskje med ein moderne vri. Andre moderne artistar som er nær knytte til folkemusikk, er Ingebjørg Bratland og Odd Nordstoga. Musikarar i dag kan enkelt notere ned eller spele inn musikken sin ved hjelp av teknologien som er tilgjengelig. Behovet for munnleg overlevering frå éin musikar til ein annan har dermed forsvunne meir og meir. Likevel finst det organisasjonar i Noreg som arbeider for å bevare og spreie folkemusikk og folkedans, og ein kan trygt slå fast at norsk folkemusikk enno lever.

budeie: Kvinne med ansvar for å mate, stelle og mjølke husdyra på ein gard eller ei seter.

feleslåtter: Folkemusikkstykke for hardingfele og vanleg fele (fiolin).

Kjelder:

Nils Grinde: Norsk musikkhistorie: hovedlinjer i norsk musikkliv gjennom 1000 år
Store norske leksikon: Folkemusikk, snl.no/folkemusikk